

Sak 34-20 Innstilling til Avtale om Totalentreprise/ Tildele oppdraget. Utsett off. § 23.3 ledd.

Tilråding til vedtak:

1. Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS finn utifrå vurdering av tilboda, at tilbodet frå Aurstad Tunell AS er det tilbodet som gjev best økonomisk nytte samla sett. Tilbodet deira har lågaste pris. Tilbodet blir og vurdert til å være best når det gjeld miljø og tilboden kvalitet. Oppdragsgjevar Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS vel difor å inngå avtale med Aurstad Tunell AS for gjennomføring av dette byggeoppdraget.
2. Tildelingsmeldinga vert sendt samtidig til deltakarane i konkurransen. Dersom det er spørsmål eller klager på vurderinga eller gjennomføring av anskaffelsen, så ta kontakt med oppdragsgjevar sin kontaktperson for anskaffinga, tore@dammerudkompeanse.no
3. Kontrakt vil bli inngått snarast etter utløp av karenstid. Karenstid er sett til 15.07.2020 kl. 12:00. Ein tek atterhald om at iverksetting av prosjektet vil kunne avhenge av endeleg tilslutning til sluttsummen for avtalen, frå den enkelte eigarkommune.
4. Oppdragsgjevar takkar for interesse de har vist ved å gje inn tilbod i denne anskaffinga, og håper på tilbod frå dykk også i framtidige konkurransar.

Saksutgreiing:

Vedlagt er forslaget til vedtak i sak om utbygging Melsgjerdet. Vedtaket er i innhald identisk med tilrådinga til vedtak frå innkjøpsfagleg rådgjevar. Eg har lagt ved innstilling til tildeling og inngåing av rammeavtale frå Dammerud kompetanse.

Det vil vere ein gjennomgang av prosjektet på møtet.

Sjølve den faglege evalueringa og vektinga av tilboda kan vi ikkje gjere noko med, då den er utført av fagfelta Tele/EL, VA /VVS/LUFT (Vatn, ventilasjon – luft og avlaup) byggfag og innkjøpsfagleg mynde. Her er regelverket strengt for korleis det skal utførast, og det må følgjast.

Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Vedlegg: Innstilling til tildeling og inngåing av rammeavtale frå Dammerud Kompetanse.